

Møteinnkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU**

Møtestad: Telefonmøte

Dato: 12.04.2012

Tidspunkt: 14:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltaren på tlf. 93 66 42 56.
Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/12	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/12	Jostedalsbreen nasjonalpark – løyve til motorisert ferdsle til hytte ved Femtevatnet for reparasjon av hytte		2012/1703

ST 3/12 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Arkivsaksnr: 2012/1703-0

Sakshandsamar: Maria C. Knagenhjelm

Dato: 11.04.2012

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU	4/12	12.04.2012

Jostedalsbreen nasjonalpark – løyve til motorisert ferdsle til hytte ved Femtevatnet for reparasjon av hytte

Innstilling frå nasjonalparkforvaltar

På bakgrunn av innsendt søknad, telefonsamtalar, lovgrunnlag og vurderingar gjer nasjonalparkforvaltaren følgjande innstilling:

Med heimel i forskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark § IV punkt 4.3 gir arbeidsutvalet (AU) til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Gro Østby på vegner av Kirsten Bjørnarheim for motorisert transport av material til hytta ved Femtevatnet.

Løyvet er gitt på følgjande vilkår:

- **anten** inntil fire turar inn til hytta ved Femtevatnet med snøscooter i løpet av april månad 2012. Ruta går frå Grøning og inn langs Haukedalsvassdraget.
- **eller** ein tur med helikopter for flyging inn og landing ved hytta i løpet av april månad 2012.

Løyvet vert også gitt på vilkår at det vert gitt skriftleg rapport om rute, dato og transportmetode til nasjonalparkforvaltaren i ettertid, og seinast 1. juni. Motorferdsla skal gå føre seg på ein måte som minimerar uro for dyr og friluftsliv, og skal haldast på eit absolutt minimum.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad frå Gro Østby på vegner av hytteeigar Kirsten Bjørnarheim datert den 10.04.2012
- Nasjonalparkforvaltaren har også vore i kontakt med Kirsten Bjørnarheim på telefon 02.04.2012, samt den 10.04.2012 og Gro Østby den 10.04.2012.

Søknaden:

Kirsten Bjørnarheim var først i kontakt med nasjonalparkforvaltaren pr telefon den 02.04.2012 og vart oppmoda å sende ein søknad. Søknaden vart sendt av dottera Gro Østby den 10.04.2012 og inneholdt også eit bildevedlegg. Det vart sagt på telefonen første gongen at saka hasta og at dei ønskja ei avklaring så snart som det var mogeleg, helst allereie i påskeveka.

Søknaden gjeld frakt av materialar til ei hytte som ligg ved Femtevatnet i Førde kommune, inst i Haukedalsvassdraget. Hytta ligg i Jostedalsbreen nasjonalpark, og vart byggja i samband med målingar gjort i vassdraget på 60-talet. Det var far til Gro Østby, Kåre Bjørnarheim, som bygde hytta. Hytta ved Femtevatnet står open, og eigarane seier at alle som er i området kan nyte hytta som kvileplass eller som nødbu.

Like før påske fekk eigarane melding frå skigåarar i området at taket var delvis blåst av hytta. Det var truleg under stormen Dagmar at skada har skjedd. Ut frå det vedlagde biletet kan ein sjå at om lag halve taket på den eine sida er borte, og snø og vind bles rett inn i hytta. Søkjarane ønskjer såleis løyve så snart det er mogeleg, slik at dei kan reparere taket før skaden blir enda verre. Dei søker primært om snøscooterløyve, og sekundært om helikopterløyve dersom Grøningsvatnet (Førstevatnet) ikkje har god nok is til trygg ferdsle med scooter.

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskriftena datert den 25. oktober 1991 omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlegenaturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I nasjonalparken er motorferdsel på land og i vatn, også landing med luftfartøy, forbode. Som landing reknast og om eit luftfartøy hentar eller set av folk eller gods medan det står stille i lufta. Lågtflyging lavare enn 300 m over bakken er forbode (verneforskriften si § IV, punkt 4.1).

Forvaltningsmyndet kan gje løyve til motorferdsel i samband med transport av materialar til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer (verneforskrifta si § IV, punkt 4.3).

Forskrifta krev at før eventuelt løyve vert gjeve skal trøngen for transport vurderast mot moglege skadar og ulempar og i høve til eit mål om å redusere motorferdsela til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast. Det er også opning i forskrifta for å gje vilkår med ev løyve gitt etter dette punktet.

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark, under punkt 7.3.9 står det mellom anna at motorisert ferdsl i samband med drift og vedlikehald av opne (turlags-)hytter vil kunne halde fram som før. For hytter i privat eige er det lagt opp til ein litt meir restriktiv dispensasjonspraksis, men det er understreket av for naudsynt frakt av material til vedlikehald vil det til vanleg ikkje vere vanskeleg å få løyve.

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova skal §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde.

Vurdering

Fråvær av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet for dyr, fugl og folk i utmark, og spesielt i en nasjonalpark. Eit av hovudføremåla med vernet i Jostedalsbreen nasjonalpark er å gje høve til naturoppleving gjennom tradisjonelt friluftsliv. Difor er motorferdsel på land, vatn og i lufta under 300 m frå bakken i utgangspunktet forbode innanfor verneområdet. Det er likevel ei opning i verneforskrifta for å kunne nytte motorisert ferdsl i samband med sakar som gjeld materialar, brensel, utstyr og proviant til hytter i nasjonalparken.

Motorferdsla innanfor nasjonalparken må avgrensast til det som er naudsynt, og fordi forvaltningsstyresmakta har ansvar for å ha oversikt over den totale mengda motorferdsle i området, er det viktig med rapport i ettertid av ferdsla. Dette vil kunne vere eit vilkår i løyvet.

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova skal §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde.

§ 8 kunnskapsgrunnlaget og § 9 om føre-var-prinsippet:

Vegetasjonen i deltaområdet på Grønningssstølsvatnet er vurdert å vere viktig biologisk mangfald, og er i dag registrert i naturbasen som ein prioritert naturtype. Det er også registrert ein lokalt viktig slåtte- og beitemyr i Botnevika. Dette er likevel utanfor nasjonalparksgrensa, og ligg under myndet til kommunen. Vegetasjonstypane i disse to områda vil heller ikkje bli påverka nemneverdig så lenge det er godt med snø i dette området. Det er noko friluftsliv inn over dei fem vatna i Haukedalen, og heile området er klassifisert som regionalt viktig friluftsområde i fylkesdelplanen for arealbruk. Den motoriserte ferdsla bør avgrensast til det som er naudsynt.

§ 10 om økosystemtilnærming og samla belastning:

Det er tilstrekkeleg kunnskap om området til å vurdere at den omsøkte motorferdsla er innanfor det som er forsvarleg. Det er tilnærma null motorisert ferdsl i området, det har vore registrert to helikopterturar inn i området tidlegare; ein i 2005 og ein i 2006. Det var også då til same hytta for frakt av vedlikehaldsmaterial. Den samla belastinga er vurdert som liten.

Forvaltningsmyndet skal også få ein rapport i ettertid for å ha ein samla oversikt over den samla motorferdsela i området.

§ 11 om kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar:

Den motoriserte ferdsla er ikkje forventa å forringe miljøet meir enn den korte tida scooteren køyrer eller helikopteret er i lufta. Kostnadane ved miljøforringing vert ikkje vurdert som relevant i dette tilfellet.

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:

Det er i løyvet sett vilkår om å minimere den motoriserte ferdsla til det absolutt naudsynte i høve føremålet for frakten av materialar. Driftsmetoden med frakt av material med snøscooter vert vurdert som mest hensiktsmessig i dette området. Dersom snøforholda gjer det utrygt for ferdsla med snøscooter, vert helikopter vurdert som eit godt alternativ. Det vil ikkje bli gjeve dispensasjon til barmarkskjøring. Fordi søkjar påpeika at tiltaket hastar, så vurderar vi at tidsperioden ut april månad er godt nok for å foreta transporten.

Ut frå ei samla vurdering er det omsøkte tiltaket viktig for å halde den ålment tilgjengelege hytta ved Femtevatnet fortsatt intakt, og vil ikkje representere noko trugsmål mot verneføremålet.